

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
2007/388 - 3565/2007

Deres ref.:
200701959-/ASD

Saksbehandler:
Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

Dato:
18.09.2007

Høyring - Forslag til endringer i strukturen på abortnemndene

Vi viser til brev frå Helse - og omsorgsdepartementet datert 13.6.2007 med forslag til endringer i strukturen på abortnemndene, slik at det bare stilles krav om primærnemnd ved sjukehus som utfører nemndbehandla svangerskapsavbrot.

Helse Vest RHF gjev støtte til at ei slik organisering sikrar at prosessen blir ivaretatt på ein heilskapleg måte og samlar ansvaret for dokumentasjon og melding til Abortregisteret. Færre primærnemnder vil gje kvar nemnd fleire saker per år og på den måten sikre kvinnene likebehandling. I Helse Vest RHF vil ei slik ordning gi ei primærnemnd i kvart av dei fire helseføretaka, og inneber ikkje endring i forhold til dagens ordning.


Departementet tar vidare opp spørsmålet om strukturen på klagenemndene bør endrast, slik at det blir ei sentral klagenemnd, til erstatning for dagens ordning med fem regionale klagenemnder. Departementet legg til grunn at ei ordning med sentral klagenemnd vil fremje likebehandling av søknader om svangerskapsavbrot ved at ei sentral klagenemnd vil ha fleire medlemmer og få breiare kompetanse og erfaring enn fem regionale nemnder vil ha. Departementet gir likevel uttrykk for noko tvil om ei løysing med sentral klagenemnd vil være det beste for kvinnene ut frå omsyn til valfridom og reiseveg.

Helse Vest RHF ser at den noverande ordninga med fem regionale klagenemnder og ei ordning med sentral klagenemnd begge har fordeler og ulemper. Med fem regionale klagenemnder som no, får nemndene færre saker per år og dermed mindre erfaring med klagenemndbehandling enn ved ei sentral klagenemnd. Dette kan auke risikoen for ulik behandling av sakene. Med ei sentral klagenemnd vil den geografiske avstanden kunne bli stor, og ein lang "mental reiseveg" vil kanskje særleg ramme dei mest utsette. Sjølv om saksbehandlinga i klagenemnda ikkje krev at kvinna møter opp, er personleg oppmøte det vanlegaste. Lov om svangerskapsavbrot seier at det skal leggjast vesentleg vekt på korleis kvinna sjølv bedømmer situasjonen sin. Med kvinna tilstades under behandlinga i klagenemnd, blir det lettare å klargjere nettopp dette.

Helse Vest RHF meiner at dagens ordning med fem (fire med Helse Sør-Øst) regionale klagenemnder bør oppretthaldast fram til rundskriv 1-4/2006 er evaluert i 2008. Fram til slik evaluering ligg føre, kan auka grad av likebehandling i klagenemndene sikrast ved å arrangere felles møter for klagenemndene slik at praksis i nemndene blir samkjørt best mogleg.

Rundskriv 1-4/2006 supplert med Veilederdokumentet som nyleg er utarbeida, vil gje skarpere fokus på likebehandling og korrekt dokumentasjon dersom den noverande ordninga med fem regionale klagenemnder blir oppretthalde.

Helse Bergen HF har sendt høyringsuttale direkte til Helse- og omsorgsdepartementet. Kopi av denne er lagt ved.

Med helsing -

Odd Søreide
Fagdirektør


Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar

Vedlegg: Høyringsuttale frå Helse Bergen HF